



Tarjei Bitustøyl  
Juvlandsvegen 74

3864 RAULAND

### Delegert sak nr. 17/130

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
GRETEBR	2016/1948	2461/2017	K01	23.01.2017

---

## 139/3 - Svar på søknad om løyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg

**Vedlegg:** Løyve

### Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg 09.01.2017
- Kartutsnitt
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119*

### Bakgrunn:

Tarjei Bitustøyl har 09.01.2017 søkt om **hytteløyve sone 1** til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte. Søkjar ynskjer å nytte seg av trasé frå **Juvlandsvegen** til hytta på **139/3 – Kråmvikvegen 930**.

Kommunens vedtekne retningsliner av 15.12.2016 deler hytteløyve inn i to soner. Sone 1 gjeld for hytter som ligg under 1040 moh.

### Vurdering:

Hytta på **139/3 – Kråmvikvegen 930** ligg meir enn 2,5 km frå brøyta veg i sone 1 og det kan difor gjevast løyve til transport av bagasje og utstyr i medhald av §5 bokstav c i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* og kommunens *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.



**Einingsleiar sitt vedtak:**

Tarjei Bitustøyl sin søknad om løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte blir innvilga. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet gjeld for fire år om gongen frå 23.01.2017. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseen frå **Steinbakken** til hytta på **139/3 – Kråmvikvegen 930** vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Toril Nicolaisen /s/  
Næringsssjef

Grete Brårmo  
konsulent

Kopi til:

Statens naturoppsyn    Postboks 5672 Sluppen    7485    TRONDHEIM  
Telemark politidistrikt    Postboks 47    3701    Skien



## Hytteløyve sone 1

*Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c*

### LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE FRÅ BILVEG TIL HYTTE

#### Løyvet gjeld for:

Tarjei Bitustøyl, Juvlandsvegen 74, 3864 RAULAND

Trasé som skal nyttast er **Steinbakken** til hytta 139/3 – **Kråmvikvegen 930** som er innteikna i kartet.

Løyvet gjeld i fire år frå 23.01.2017.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektingar i rett line kan og nytte løyvet.

**Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.**

#### Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv

